



Drifta av Kafe Tiaren er eit av mange gode tiltak i Uskedal utvikling.

**Styret i Uskedal utvikling minner om årsmøte som skal vera i kveld, onsdag 1. februar. Årsmøte tek til kl. 19 og er rekna å ta ein time. Kl. 20 vert det ope møte med tema: Vassforsyning. Innleiarar er Hans Reidar Kjærland, styreleiar i Uskedal Vassverk, og Oddbjørn Kroka, utbyggjar i Ospelunden byggefelt.**

Det vert lagt fram ei fyldig årsmelding med meldingar frå styret, nettisda uskedalen.no, Kafe Tiaren og om drifta av Gamleskulen. Handlingsplanen er eit fast innslag på årsmøte. Planen vert revidert. Rekneskapsførar Alf Hjørnevang legg fram rekneskap 2016 og Budsjett 2017. Styret rår til at årspengane, kr. 300,- ikkje vert endra. Derimot legg ein opp til ein auke på utleige av Gamleskulen. Val er siste punkt på saklista.

Uskedal utvikling er ein medlemsbasert organisasjon registrert i Frivilligregisteret. Medlemstalet, 28, er altfor lågt om ein tenkjer på arbeidet laget gjer for bygdeutvikling og elles mange gode tiltak i bygda.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Sentrumsutvikling er eit aktuelt arbeidsområde for Uskedal utvikling.